

Hordaland fylkeskommune

Samferdsleavdelinga v/Rolf Rosenlund

Agnes Mowinckelsgt. 5

Pb 7900 Bergen

## **HØYRING - Trygt heim – ordninga**

Tysnes kommune har ikkje vore med i Trygt heim – ordninga. Då de no skal sjå på høve for utviding av ordninga til fleire kommunar, ynskjer vi å melda at vi er svært interesserte i å delta.

Tysnes kommune er ein grisgrendt kommune, med fleire små tettstader. Vi har ikkje vidaregåande skular, men ei god skyssordning for dei elevane som ynskjer/har moglegheit for å pendla.

Eit hovudsatsingsområde er å få ungdomane attende til Tysnes etter at dei er ferdig med utdanninga. Då er det viktig å skapa samlingspunkt, så dei kan treffe vener og ha ein sosial arena, for at dei skal trivst. Eit av satsingsområda er «Tysnesfest», der både kommune og næringsliv er med for å skapa gode opplevingar for innbuarane.

Det er likevel tilbod gjennom året som er viktig, for at ungdomane skal oppleva Tysnes som ein god plass å bu. Vi ser difor at det er tilbod rundt Våge som trekkjer ungdomane i helgane. Og då er skyssstilbod i kommunen heilt fråverande. Ungdomane er avhengig av at foreldre eller andre vil køyra dei, dersom dei skal vera saman med andre. Og det er det ikkje alle som har høve til eller ynskjer. Bur du t.d. heilt i utkanten av kommunen, tek det nærmare ein time kvar veg med bringing og henting. Det vert 4 timar på ein kveld! Det seier seg sjølv at dette er både dyrt og krevjande, og ganske umogleg dersom du har mindre born i heimen som treng tilsyn. Skal ungdomane koma seg heim på eigen hand, ser vi at «pirattaxi» og liknande tilbod lett kan bli løysinga. Dette er ikkje den utviklinga vi ynskjer!

Vi ser difor at ungdomane våre har ulike føresetnader for å delta i sosiale samankomer på kveldstid og i helgane.

Tysnes kommune ynskjer eit tilbod til desse ungdomane. Vi ser for oss eit tilbod der dei kan tinga drosje/drosjebuss t.d. laurdagskvelden, der dei betalar ein liten sum for kvar reise. Eit tilbod om skyss ein eller fleire kveldar hadde vorte eit monaleg betre enn det dei har i dag. Vi håpar difor på eit positivt svar og at vi får koma med i ordninga «Trygt heim».